


11.12.2025

Retningslinjer for disponering og bruk av næringsfond og næringsramma i Bykle kommune

Lokale støtteordningar



Innhold

Innledning.....	2
Lokale støtteordningar.....	2
Søknadsfristar	2
Kven kan søkje	2
Prioriterte tiltak og satsingar	2
Økonomisk støtte - støttenivå	3
Støtte til prosjekt som fell mellom ordningane til næringsutvikling og kulturmidlar	4
Søknadsprosess	5
Samfinansiering – samla offentleg støtte	5
Søknad.....	5
Søknaden skal innehalde.....	5
Sakshandsaming av søknadar.....	6
Tildelingskriteria:	6
Tilsegnsbrev - vilkår	6
Tilsegn.....	6
Utbetaling.....	6
EØS-regelverket	7
Vedtak og vedtaksmyndighet.....	7

Innledning

Næringsramma er eit verkemiddel i arbeidet for å styrke og utvikle næringslivet i Bykle kommune. Den årlege næringsramma blir fastsett årleg i kommunens handlingsplan (økonomiplan) og budsjett. Løyvingar blir tildelte i hovudsak frå midlar satt disponible i næringsramma, og i tråd med målsettingane som vedtatt i strategisk næringsplan. Deler av næringsfondet blir disponert gjennom forhandsløyvde midlar og avsett i kommunens handlingsplan og årlege budsjett.

I økonomiplanperioden (2022-2026) vil dette vere blant anna midlar til;

- Drift næringskontor, kontingentar til interesseorganisasjonar som t.d. LVK, SIPR, og generell næringsutvikling (arrangement, prosjekt mv i regi av kommunen)
- Turistinformasjon og vertskapsfunksjon via Destinasjon Hovden AS.
- Kjøp av tenester Hovden Løypekjøring AS.
- Støtte til Hovden Skigymnas AS

Næringsramma skal nyttas til å styrke og vidareutvikle eksisterande verksemdar, til å fremje etablering av ny næringsverksemd, og til å tiltrekke etablert verksemd.

Næringsramma kan og nyttast til tiltak i næringsavdelinga sin regi for arrangement og kurs for næringslivet, til tiltak for å marknadsføre kommunen som ein attraktiv stad å etablere seg, eller sin verksemd. Tiltak frå lag eller organisasjonar som fell mellom næring og kultur/idrett og som bidrar til å marknadsføre kommunen eller har viktige ringverknadar for lokalt næringsliv, kan søke støtte innafor eigen ordning her. Lokale støtteordningar

Føremålet med dei ulike lokale støtteordningane er å oppfylle kommunen sine til ei kvar tid gjeldande målsettingar i kommuneplan, og meir konkrete næringspolitiske målsettingar uttrykt i strategisk næringsplan.

Søknadsfristar

Det er to faste søknadsfristar i året: 15. februar og 15. september. Søknader vert normalt handsama innan seks veker etter fristen.

Kven kan søkje

Støtte kan gjevast til føretak, enkeltpersonføretak, lag eller organisasjonar som gjennom prosjekt bidreg til næringsutvikling i Bykle kommune. Søkjaren (verksemda) skal ha forretningsadresse i Bykle kommune. Tiltak i rein kultur- eller idrettssektor fell utanfor og skal rettast til andre ordningar (kulturmidlar).

Prioriterte tiltak og satsingar

I tråd med satsingane i den strategiske næringsplanen skal støtte til næring vere tufta på dei prioriterte områda i kommunen. Element som vektleggjast i vurdering av søknader omfattar, men er ikkje avgrensa til:

- Utvikling av eksisterande verksemdar med potensial for vekst og auka verdiskaping
- Auka breidde i næringslivet
- Auka tal kompetansearbeidsplassar
- Verksemd med marknadsfokus ut av kommunen / vekstpotensial
- Oppretthald og vidareutvikling av landbruksnæringane
- Auka besøksattraktivitet
- Bidrag til arbeidsplassar, ringverknadar og berekraft

- Tiltak i tråd med FNs berekraftsmål, inkludering og likestilling

Ved prioritering skal omsynet til arbeidsplassar, ringverknader og berekraft vege tungt. Ordninga kan omfatte både etablerte bedrifter og nyetableringar med dokumentert potensial.

Økonomisk støtte - støttenivå

Bedriftsutvikling og investeringar

Kommunen kan gje støtte både til utvikling og investeringar i verksemder, samt til nyetableringar med potensial som treff prioriteringane ovanfor.

Utviklingstiltak kan til dømes omfatte:

- Marknadsundersøkingar og marknadsføringskonsept
- Produktutvikling og pilotering
- Kompetanseutvikling og nettverksbygging

Kommunen kan gje inntil 50 % støtte til utviklingskostnader.

Investeringar kan omfatte:

- Bygg, anlegg og "veggfast" utstyr/maskiner

Det kan normalt gjevast inntil 30 % støtte til investeringskostnader.

Spiremidlar (lågterskel):

Ordninga er retta mot innbyggjarar som vil teste eller utvikle forretningsidé i liten skala. Støtte: inntil kr 25 000 og inntil 100 % av godkjende kostnader. Krav: enkel prosjektbeskriving, budsjett/finansiering og framdriftsplan.

Tak for samla offentleg støtte

Samla offentleg støtte til prosjekt skal i regelen ikkje overstige 50 % av kapitalbehovet. Tilskot vert gjeve innanfor de-minimis: 300 000 euro over tre år. Søkar har ansvar for å opplyse om tidlegare motteken støtte.

Felles vilkår for å motta støtte:

Mottakar pliktar å stille til oppfølgingsmøte (administrativt eller politisk) og bidra i evaluering av resultata. Kommunen kan be om kort presentasjon på nettverkssamling. Støtttemottakarar skal og opplyse om at dei har motteke støtte frå kommunen der det er naturleg.

Kostnadar som det ikkje blir gitt støtte til:

Det gis ikkje støtte til:

- Driftskostnader
- Tidligere påløpte utgifter

- Garantiar, lån eller til kommunal aksjeteikning i private bedrifter
- Kjøp av varer og tenester innanfor eige konsern
- Gjeldssanering, driftstilskudd til bedrifter eller til utføring av ordinære kommunale oppgaver.
- Omsetteleg lausøyre er ikkje del av støttegrunnlaget. All støtte til investeringar som potensielt kan omsetjast vidare (t.d. veggfast utstyr), skal argumenterast for og må sjåast i samanheng med bedrifta si plan for investeringane, samt drift/resultat og/eller føresetnad for langsiktig og berekraftig drift. Det blir heller ikkje gitt støtte til brukt veggfast-utstyr/maskiner.

Støtte til prosjekt og arrangement med stor verdi for omdømebygging og/eller viktige ringverknadar for lokalt næringsliv.

Tilskotsordninga gjeld søknader om støtte, frå frivillige og ideelle organisasjonar eller privatpersonar, andre aktørar som fell utanfor andre ordinære støtteordningar (kulturmiddel/næringsutvikling enkeltverksemdar) i Bykle kommune.

Kommunen mottek årleg ein del «faste» søknadar frå Marknadsrådet for reiselivet på Hovden, næringsforeiningane i Bykle og på Hovden, beredskapsorganisasjonar (Raude kors og Fjellredningsgruppa), Arkivet , KCK til Colorline Tour osv. Desse ligg ikkje i budsjett og må handsamast individuelt og med sideblikk på økonomisk ramme til slike føremål.

Aktøren kan søke om arrangement, prosjektstøtte og/eller driftsstøtte.

Det blir ikkje gitt tilskot til:

- organisasjonar, foreiningar, stiftelsar, enkeltpersonar eller tiltak med økonomisk formål eller kommersiell karakter.
- tiltak eller prosjekt som kvalifiserer til kulturmidlar eller andre kommunale ordningar for støtte /driftsstøtte.

Krav til søknadens innhald:

- skildring av formål eller tiltak det blir søkt om tilskott til.
- søknadssum.
- tidsplan for prosjektet.

For prosjekt/ arrangement som dekkjer Setesdal, kan det være aktuelt å søkje Setesdal interkommunale politiske råd - SIPR om tilskot.

Næringsavdelinga skal gjere ei kvalitetsvurdering av prosjektet og søkjaren.

Søknadsprosess

Samfinansiering – samla offentleg støtte

Det regionale verkemiddelapparatet har ulik kompetanse og tenester for forretningsutvikling av ulike bransjar, og dei rår over fleire verkemedel enn Bykle kommune. Det er ein klar målsetjing for Bykle kommune at ein skal ha avklåra og forsøkt nytta regionale ordningar med dei regionale verkemedelaktørane, før ein fremjar formell søknad til Bykle kommune. Næringsavdelinga skal tilby å leggje til rette med koordinering av slik dialog for dei som ønskjer det.

For støtte til utvikling av eksisterande, eller etablering av ny verksemd skal søkjar ha gjennomført dialog med regionalt næringsapparat gjennom Driv Agder, Pågang næringshage eller Innovasjon Norge, før søknad blir sendt til Bykle kommune. Stadfesting av dialog (kopi av e-post-dialog e.l.) , søknad, tilsegn- eller avslagsbrev frå verkemedelaktørar skal leggjast ved søknad til kommunen.

Før det er søkt om tilskot frå Bykle kommune skal alle andre sentrale eller regionale støtteordningar vere forsøkt/vurdert. Samla offentleg støtte til private næringstiltak skal i regelen ikkje overstige 50% av samla kapitalbehov. Ein viser elles til regelverket i medhald av EØS- avtalen.

Søknad

Vurdering av støtte gjennom bruk av næringsramma og næringsfond blir handsama etter søknad. Kvar enkelt søknad vert handsama gjennom eigen politisk sak.

Søknader om støtte skal vere skriftleg og sendast inn via nettportalen www.regionalforvaltning.no. To søknadsfristar i året (april/mai og september/oktober).

Dei som vurderer å søkje om støtte blir oppmoda til å kontakt med næringsavdelinga i Bykle kommune før ein startar søknadsarbeidet for å klargjere kva ordning som eventuelt treff best, og føresetnadar som må ligge føre.

Søknaden skal innehalde

- a. Opplysningar om søkjar
 - Namn på ansvarleg prosjekteigar og organisasjonsnummer
 - Kontaktperson med kontaktinformasjon
- b. Økonomi
 - Søkt tilskotsbeløp
 - Budsjett med finansieringsplan og forretningsplan
 - Opplysning om eventuell offentleg stønad dei siste tre rekneskapsåra
(*bagatellmessig støtte kan ikkje overstige 300 000 euro over tre år*)
- c. Skildring av tiltaket og forventa resultat
 - Kort omtale av tiltaket, mål og målgruppe
 - Framdriftsplan

- Organisering, inkludert samarbeidspartnarar og deira roller
- d. Anna relevant dokumentasjon
- Eventuell stadfesting på regional behandling og rådgjeving knytt til søknaden
 - Andre opplysningar som har tyding for vurderinga

Sakshandsaming av søknadar

Søknader registrerast og journalførast i kommunen sitt dokumentarkiv. Handsaming av søknader blir basert på gjeldande styringsdokument og retningslinjer for slike saker.

Administrasjonen med næringsavdelinga koordinerer arbeidet med søknadsoppfølging og sakshandsaming. Det blir utarbeidd sjekkliste for intern bruk i sakshandsaminga.

Tildelingskriteria:

Støtte til næringsutvikling (etablerar-, investerings- og utviklingsstøtte til private verksemdar) skal vere tufta på ei kommersiell fagleg vurdering.

Korvidt det blir gitt støtte og størrelsen på støttenivå blir avgjort med utgangspunkt i tildelingskriteria nedanfor og som ei samla vurdering:

- Prosjekt sin innverknad på berekraftsmåla / kommuneplan/ næringsplan.
- Korleis tiltaket står opp under dei strategiske satsingane i kommunen.
- Kommersiell grunnlag / marknad skal vere godt fundert i forretningsplan.
- Vekstpotensial / vekstambisjonar utover eigen sysselsetting er sannsynleggjort.
- Forventa verdiskaping og ringverknadar
- Tal arbeidsplassar (nye og vidareutvikla).
- Kor stor del av dei tilsette er/kan bli busett i Bykle kommune.
- Kompetanseutvikling.
- Grad av innovasjon og nyskaping .
- Tyding av tiltaket med omsynet til vidare utvikling og sikring av eksisterande verksemd.

Tilsegnsbrev - vilkår

Støtte gis som tilskot. Søkjer får tilsendt melding om vedtak og må bekrefte aksept av stønad på de vilkår som er gitt under.

Tilsegn

Tilsegn gjeld i utgangspunktet i 12 månader frå vedtaksdato. Med dokumentert framdrift eller tidsplan kan gyldigheita forlengast til inntil 24 månader. Akseptfrist: tre veker frå utsend tilsegn.

Utbetaling

Tilskot vert normalt utbetalt etter godkjent sluttrapport. Det kan søkjast om forskotsvis utbetaling av inntil 50 % av tilsegnsbeløpet. Krav om dokumentasjon vert spesifisert i tilsegnsbrevet.

Dokumentasjonen må vere stadfesta av godkjent rekneskapsførar eller autorisert revisor. For alle tilskot over kr 500.000 skal rekneskapen vere godkjent av autorisert revisor.

Det skal også følgje ein sluttrapport som skildrar planlagde og faktiske aktivitetar, måloppnåing og vurdering av nytte av prosjektet.

Generelle vilkår for støtte

- Tilskot blir gitt under føresetnad av at tiltaket blir gjennomført som skildra i søknaden.
- Ved endringar i føresetnadane som framkom i søknaden, i framdrift/gjennomføring pliktar mottakar å varsle kommunen straks.
- Tilskottsmottakar pliktar også på førehand å informere kommunen om sal eller flytting av verksemd. Dersom tilskottsmottakar sel heile eller delar av verksemda, eller utstyr, eller flytter verksemda ut av kommunen innan 5 år rekna frå siste utbetalingsdato, kan kommunen krevje heil/delvis tilbakebetaling av motteken støtte. Dersom verksemd som har fått tilskot blir avvikla, fusjonert eller flytter frå kommunen, innan tre år frå tilskot er gjeve kan Bykle kommune krevje tilbakebetalt tilskot med 30% for kvart år.
- Dersom tilskottsmottakar gir uriktige opplysingar, eller at tilskotet ikkje blir nytta i samsvar med føresetnadene, kan kommunen krevje at heile eller delar av tilskotet blir betalt tilbake.
- Om kostnaden vert lågare enn grunnlaget for tilsegn, vert tilskotet redusert tilsvarande.

EØS-regelverket

Tilskot vert gitt innanfor ramma for bagatellmessig støtte ('de-minimis'), jf. EU-forordning 2023/2831 (300 000 euro over tre år). Søkar har ansvar for å dokumentere motteken støtte

Vedtak og vedtaksmynde

Søknader vert førebudd av administrasjonen og behandla politisk.
Formannskapet kan vedta tilskot inntil 500 000 kr.
Søknader over denne summen vert lagde fram for kommunestyret.

Klagehandsaming

Klage på vedtak frå formannskap vert avgjort i kommunestyret.

Lenke til [Eøs-regelverk](#)